

Informasjon

HYRDING RØYSTA

NR. 2/2020

SOMMAR

Grunnlagt 1938 - 81. årgang



Frå redaksjonen

Vi er inne i sommaren, den mest spesielle sommaren på veldig lenge. Grunnen er sjølv sagt koronapandemien som i løpet av svært kort tid stengde ned ei heil verd.

Vi har vore gjennom månader med strenge restriksjonar på reise og samkvem. Samlingar av menneske har vore strengt regulert og alt av kulturarrangement og andre samlingar har vore avlyste. Slik blir det også gjennom resten av sommaren som blir kanskje fri for festivalar og andre større arrangement.

Også kyrkja har hatt sine restriksjonar og vanlege gudstenester var det ikkje frå midten av mars til 21. mai. Det har vore restriksjonar på kor mange som kunne vere med i ei gravferd og alle konfirmasjonar vart utsette til hausten.

Kreative sjeler erstatta nokre av gudstestene med køyr inn gudstenester både i påska og 17. mai. To slike ved Helgheim kyrkje og ei ved Jølstraholmen gjorde til at ein god del menneske fekk ei erstatning for den tradisjonelle gudstenesta, sjølv om våret på langt nær var det beste, korkje 1. påskedag eller 17. mai.

No er gudstenestene i gang att, men med avgrensing på 50 deltagarar. Dermed er livet i kyrkjelyden så smått i ferd med å normalisere seg, men det går nok endå ei stund før alt er som før.

Vi hadde ei sjeldan fin pinse i år, ei helg mange nyttar til å nyte Skaparverket utan dørs. For sjølv om koronapandemien har skapt store problem verda rundt, med store økonomiske konsekvensar og masse arbeidsløyse, så er det nok ingen tvil om at den har vore god medisin for klima og miljø. Fly- og biltrafikk har vore sterkt redusert over heile kloden og over Beijing kunne innbyggjarane denne våren sjå blå himmel for første gong på veldig lenge, og i Venezia var vatnet plutselig klårt.

Hugs bladpengane

I denne utgåva av bladet finn de ein giro for betaling av bladpengane. Bruk den for bladpengane er den viktigaste inntektskjelda

Dermed kan vi truleg slå fast at sjølv om denne pandemien har påført verda enorme problemer, så har i alle fall Skaparverket, som vi alle er avhengige av, fått seg eit pusterom frå ureining og annan menneskeskapt påverknad.

Tida vi har vore gjennom siste månadane gjev grunn til ettertanke på så mange vis, og det kan vere grunn til å sitere presidenten i Den norske veteranforening, Torill Mo-seng som i eit lesarinlegg i Nationen nyleg skreiv følgjande:

– Det er på tide å erkjenne at vi for lenge har undervurdert samanhengen mellom dyr og menneske si helse. Vi på toppen av næringskjeda har ikkje teke ansvar for å forvalte livsformene som vi har rundt oss. Dette er kloke ord til ettertanke for oss som er sette til å forvalte skaparverket, og også i tråd med kyrkja sitt syn.

– Vi menneske eig ikkje jorda og alt den rommar, men er sjølv ein del av skaparverket. Vi er ikkje naturens herskarar, men Guds skapningar som har fått i oppdrag å ta vare på skaparverket, kunne vi lese på Kyrkja sine nettsider hausten 2017.

Desse orda gjeld i aller høgste grad framleis og koronapandemien har synt oss at i Skaparverket heng alt saman med alt og at det er ein hårfin balanse mellom alle organismar og alt liv på jorda. Vi har også fått erfare kor mykje elende eit lite virus på avvegar kan bli årsak til.

Men no er det sommar og ferietid. Bruk desse vekene til å lade batteria. Bruk Skaparverket til rekreasjon og glede og ta vare på kvarandre. Skjenk også ein venleg tanke til dei som på ymse vis gjer ein innsats for kyrkja, enten gjennom gåver, ved dugnad eller ved å stille seg til disposisjon for sokneråd og andre kyrkjelege fora.

God sommar!

Framsídefoto:

Soknerådsleiar Astrid Aardalsbakke Feldt på padletur med Helgheimskyrkja i bakgrunnen. Foto: Vidar Feldt

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

① 479 79 115

Ope tysdag 9-15

Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jølster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkenejølster

HOVUDKONTORET I FØRDE

① 57828180

E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

**Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:
Nils Gjerland, leiar** tlf.: 950 74 007

Ålhus sokn:

Marta Fimreite tlf: 913 87 552

Helgheim sokn:

Astrid Aardalsbakke Feldt

① 416 84 368

Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale

① 473 99 492

silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9-15

① 57 72 85 06

toril.oye@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje

Inger Hageberg Øvrebo

① 416 94 472

Kontortid etter avtale

Ass.kyrkjeverje

Trond Herlosund

① 489 58 086

trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Vikarprest Carsten Langeland

Kontortid etter avtale.

① 902 39 173

carsten.langeland@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik

① 99127430

rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale

① 489 58 165

ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal

① 97 64 90 16

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

«Du vår med ljose dagar, med lengting liv og song»

Livet her nord er knytt til dei skiftande årstidene og fyller dei fleste av oss med forventning og glede, men kanskje og med uro. Våren kom seint med tilbakefall av snø og kulde på 17. mai. Likevel er det vel den mykje omtalte koronaen, som har ført til mest uro og ulage. No har vi fått lempa på restriksjonane og kan samlast i familie og til gudsteneste og andre samlingar. Det er tid for å samlast og gle seg over sommaren med alt den har å gje til alt som lever.

Tekst: REIDAR KNAPSTAD

Elias Blix var ein meister til å uttrykke den bibelske bodskapen om livet og håpet til det som rører seg i naturen gjennom dei skiftande årstidene, slik som i salmen: No linnar det i lundar. *«Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord og etter som eit under nytt liv av daude gror.»*

Dersom vi syng alle dei 12 versestrofene, vil vi sjå at salmen er ein pinsesalme. *«Så sende Gud sin Ande som dogg på turre jord. Då vakna liv i lande, då grøddest vent Guds ord.»*

Guds Ande gjev og skapar liv i naturen og i hjarta vore: *«Guds kjærleik er aust ut i hjarta vore ved Den heilage ande som han har gjeve oss.»* (Rom 5,5). Difor kan vi frimodig gå framtida i møte i venting og takk for alt Gud gjev og skapar. Tida frå pinse og fram til advent vert kalla for treeiningstida, kvar ein sundag blir vi minna om det Guds ande skapar av liv og håp i samfunnet og i den einskilde av oss. Ved eit mistak sa ein av tekstlesarane treningstida, då Guds ord skulle lesast. Kanskje var det ikkje så dumt sagt? Målet er at vi skal leve og vekse i den kristne trua, slik det vert uttrykt ved kvar ein dåp. Då treng Anden få arbeide med oss gjennom heile året. Mange har sakna å kun-

ne møtast regelmessig til gudsteneste til fornying av håp og tru. Difor er det ei stor glede at vi kan samlast til fellesskap i bygd og by. Så lat ikkje din plass stå tom når kyrkjeklokken kalla til fellesskap og feiring.

Petter Dass, ein annan av salmediktarane her nord, har ei bøn som handlar om liv og vekst:

*«La livets kilde flyte, så ingen stanser den!
La folkeslag seg fryde mens tiden farer
ben! La lykkes Jesu navn, så vi vår vei kan
finne inn i din faderhavn.»*

(Norsk salmebok 371 v.4)

God sommar!

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon. Ein giro på kr 250,- vert send ut med bladet ein gong i året.

Betalinga er frivillig. Annonsøren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år. For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast.

Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703. 30 09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hallstein Dvergsdal,
Bjørg Dvergsdal og
Hildegunn Huus
hdvergsdal@gmail.com
Neste nummer kjem i sept./okt.

Venskapskyrkjelyd i Tsjekkia

Sokneråda i Jølster gjorde tidlegare i år avtale om samarbeid med den tsjekkiske kyrkjelyden Evangelical Church of Czech Bretheren in Křízlice.

Tekst: HALLSTEIN DVERGSDAL
Foto: JIRI WEINFURTER

Sokneprest Silje Sørebo hadde i si tid eit studieår i Tsjekkia og knytte då ein del kontakter, noko som no kjem til nytte. Samarbeidet med denne kyrkjelyden handlar om erfaringsutveksling og har ingen økonomiske bindingar.

Mykle til felles

Presten i den tsjekkiske kyrkjelyden, Jiri Weinfurter skriv til Silje Sørebo at han ser mange fellestrekk mellom kyrkjelyden i den vesle fjell-landsbyen i Tsjekkia og kyrkja i Jølster.

– Kyrkjene våre tilhører same familie og kyrkja vår og ein av dykkar (Ålhuskyrkja) er bygde på omtrent same tid.

Men sjølv om presten Jiri ser likskapstrekk i mellom kyrkjene, så ser han også skilnader.

– Men det kan vere til inspirasjon, skriv han og han fortel at det i den vesle landsbyen hans er lange tradisjonar for bi-røkt, noko kyrkja støttar opp om.

– Eg er også bi-røktar, fortel Jiri og lurer på om det finst honningproduksjon i Jølster. Men der blir han nok skuffa.

40 år med kommunisme

Jiri skriv at kyrkja hans, og i Tsjekkia generelt, er prega av 40 år med kommunisme. Han fortel også at området der kyrkja ligg, Giant Mountains, var dominert av tysk befolkning fram til slutten av andre verdskrig. Men landsbyen Křízlice og



Kyrkja i Křízlice vinterstid.

næraste nabolaget var busett av tsjekkarar. Etter krigen vart storparten av tyskarane sende tilbake til Tyskland.

Jiri fortel at kyrkjelyden hans er heller liten, men aktiv, og at ved sida av tradisjonelle kyrkelege aktivitetar, så prøver dei også å arrangere diverse andre ting for medlemmene i kyrkjelyden. Det handlar om kurs, leirar, konserter og eit planlagt opplæringsprogram for økologisk landbruk, inkludert bi-røkt.

Økologisk orientert

Det er tydeleg, gjennom korrespondansen med Silje Sørebo, at Jiri Weinfurter og kyrkjelyden hans er opptekne av samspillet i naturen og har ein gjennomført økologisk tankegang. Han fortel at innbyggjarane i



Honingproduksjon er ein stor tradisjonsrik aktivitet i Křízlice.

landsbyen reiser lite, også innan Tsjekkia, og at dei held seg til ein rural livsstil i pakt med naturen og jorda.

For to veker sidan skrev Jiri at kyrkja hans så smått var kommen i gang att etter koronastenging. Han fortel at dei då hadde hatt si tredje gudste-

neste etter opninga og at han hadde lese opp helsing frå kyrkjelydane i Jølster.

– Dette vart vi svært glade for og vi bad for dykk. Vi ser fram til kva samarbeidet med dykk vil bringe til oss alle, seier Jiri i Tsjekkia.

Avtale mellom Normisjon og Ålhus og Helgheim sokn om satsing i India

Sokneråda i Jølster og Normisjon har inngått avtale om eit misjonsprosjekt i India. Avtaleperioden går frå 1.1.2020 - 1.1. 2024, altså eit fireårig prosjekt. Misjonsprosjektet rettar seg spesielt mot Samfunnsutvikling i India

Tekst: SOKNERÅDA I JØLSTER
Foto: NORMISJON

Steinindustrien i India har fått fart på seg og det same har utnytting av sårbar arbeidskraft. I Assam har det lenge vore konflikt som har ført til mange internflyktningar. Normisjon arbeider med å hjelpe begge disse gruppene.

Steinarbeidarar slit

Steinarbeidarane, dei fleste frå santalsamfunnet, lever og arbeider under svært vanskelege tilhøve og det finst ikkje fagforeining. Det førekjem barnearbeid og grov utnytting av jenter. Normisjon i lag med samarbeidspartnerane, arbeider for å betra «steinknusarane» sine rettar og for å gje dei betre utsikt til ei god og trygg framtid. I tillegg ønskjer ein å rette innsatsen inn mot tiltak som stoggar dei negative ringverknadane steinindustriens har på skogen, jorda og



Felles 17-maifeiring for Dvergsdal, Sunde og Myklebust i 1948. Vi ser Fana til Myklebust Ungdomslag som Nikolai Astrup måla. Foto: Tollef Sandal.

grunnvatnet. Prosjektet har tre samarbeidspartnerar: Lutheran World Service India Trust (LWSIT), Evangelical Social Action Forum (ESAF) og Mohulpahari Christian Hospital (MCH).

I Assam har det lenge vore konflikt mellom boroar og santalar. Her arbeider Normisjon, LWSIT og Gaurang sjælesorgsenter med fredsbevarande arbeid og rehabilitering for dei to fol-

kegruppene, i tillegg til å hjelpe til med opplæring og sjølvhjelpsgrupper som skal syte for samfunnsutvikling i området.

Prosjektet er delfinansiert av Norad.

Kyrkjesskyss

Treng du skyss til kyrkja kan du ta kontakt med ein av desse:

Helgheim sokn

Inger Veiteberg tlf. 908 60 874
Alvdis Årdal tlf. 919 16 620
Knut Os voll tlf. 911 90 709
Turid Høyvik tlf. 472 48 832
Astrid Aa Feldt tlf. 416 84 368

Ålhus sokn

Marta Fimreite tlf. 913 87 552

Det vart ein heilt annleis vår i år

Koronaepidemien endra på mykje denne våren. Det mest var stengt, inkludert kyrkjene, og dette gjorde til at mange kreative løysingar dukka opp.

Tekst: HALLSTEIN DVERGSDAL

Påska og 17. mai vart såleis ein god del annleis enn normalt. Når det handlar om gudstenester, så vart det arrangert tre køy iinn gudstenester for å bøte litt på fråværet av vanlege gudstenester.

Uvanleg påskeplask

Til vanleg er det familiegudsteneste i Helgheim kyrkje 1. påskedag med konfirmantane frå begge sokna til stades. Denne gudstenesta har i mange år blitt avslutta med at prest og konfirmantar badar i Jølstravatnet. Smittevernreglar gjorde at både gudstenesta og badinga måtte gjerast på ein annan måte enn vanleg.

Gudstenesta gjekk føre seg som køy iinn gudsteneste på parkeringsplassen og kanskje 100 menneske møtte opp. Det heile vart avslutta med at prestane og soknerådsleiar Astrid Aardalsbakke Feldt kasta seg ut i dei iskalde bølgjene medan snøbyene sto inn frå vest.

Også 17. mai

Årets 17. mai vil gå inn i historia som den kaldaste og mest spesielle på år og dag. Det lava ned med nynsnø i to dagar og på sjølvaste nasjonaldagen var det kvitt heilt i fjærsteinane.

Sidan kyrkjene var stengde måtte det andre løysingar til for å kompensere og det



Fotoet seier alt om badetemperaturen 1. påskedag. Astrid Aardalsbakke Feldt og Silje Sørebo var glade for å komme seg til lands etter badinga. I bakgrunnen vikarprest Carsten Langeland.



Det var surt og kaldt under påskegudstenesta ved Helgheim kyrkje. Likevel var det mange som tok turen. Foto: Hallstein Dvergsdal.

vart lagt opp til to køy iinn gudstenester, ei på Vassenden, på Jølstraholmen, og ei ved Helgheim kyrkja. Det sure været gjorde nok sitt til at det ikkje vart det heilt store

frammøtet, men arrangørane var nøgde og dei som kom fekk ei fin og spesiell opplevning.

Ting normaliserer seg

I slutten av mai melde kyrkja at det var klart for vanlege gudstenester att, men med visse restriksjonar. I pinsa var det såleis gudsteneste i både Vassenden Kyrkjesenter og i Helgheim. Det var ei grense på 50 deltakarar med ein meters avstand og det vart førd namnelister grunna smittesporing.

Sidan har det vore friluftsgudsteneste både i Sandalen og i Kjøsneshogen. Sistnemnde gjekk av stabelen 21. juni, på skaparverkets dag.



Sokneprest Silje Sørebo måtte finne fram luia under køy iinn gudstenesta på Vassenden 17. mai. Foto: Bjørg Dvergsdal



Også kantor Rune Molvik var godt kledd då han spelte under gudstenesta på Vassenden. Foto: Bjørg Dvergsdal



Surt og kaldt, men likevel ein del som tok turen til gudstenesta ved Helgheim kyrkje 17. mai.



- vi får til det vi vil!

Sommarhelsing frå speidaren

Til felles med alle andre har vi hatt ein svært annleis vår, der alle planlagde speidaraktivitetar måtte avlystas på ubestemt tid. Heldigvis har det siste tida vore mogleg å møtast att, og vi har greidd å få til sommaravslutning for alle patruljane i Speidargruppa vår.


Tekst: AASE BRITT ØYGARD Foto: SPEIDAREN

Det er no 96 medlemer i speidargruppa vår, frå 5.klasse og eldre. Vi pleier å starte opp med nye aspirantar frå 4.klasse i februar/mars, men pga koronaen må vi utsetje speidaroppstart for desse til hausten.

Europatur utsett til 2021

I speidaren legg vi vekt på at born og unge skal få oppleve spenning, fellesskap og meistring ved å prøve mange ulike aktivitetar.

I gruppa vår har vi tradisjon for å reise på Europatur kvart 4. år, og vi har i lengre tid planlagt og jobba dugnad for å finansiere Europatur denne sommaren, med avreise 20.juni. Firda Billag-bussen var ordna, med Johannes Fossheim som stødig sjåfør. 27 ungdommar var påmeldt. Så kom koronaen, og vi skjønte at det ikkje kunne verte tur i år. Vi har bestemt oss for å utsetje turen til neste sommar, og håpar og trur at det då er trygt å reise.



Kanopadling er ein av mange aktivitetar i speidaren.



Miniatyrskyting på Skei skule med Helge Dvergsdal som instruktør.

Gruppeting – speidargruppa sitt årsmøte

Gruppeting vart gjennomført 27.mai, dette er gruppa sitt årsmøte der medlemene frå 7.klasse og eldre har stemmerett.

Mona S. Årdalsbakke har vore gruppeleiar sidan 2012, og ynskte no å få avløsing frå leiarvervet. Vi vil gjerne takke Mona for den store innsatsen ho har lagt ned som gruppeleiar desse åra. Heldigvis vil ho vere med vidare som «vanleg» leiar i speidaren.

Aase Britt Øygard vart vald til ny gruppeleiar.

Vi har mange planar for hausten, og håpar at det då vil vere mogleg å gjennomføre aktivitetar tilnærma slik vi pleier, med overnattingsturar, kanopadling, klatring og mykje andre kjekke aktivitetar.

Vi ynskjer alle jølstringar ein riktig god sommar!



Akedag med bålpannekos



Speidaren har fått seg ein staseleg bilbengar, dekoret med foto av ymse speidaraktivitetar



Det var ein stor dag for kyrkja då Astrid Aardalsbakke Feldt og prosjektleiar Jarle Helgheim kunne konstatere at dei nye vindauge i kyrkja var på plass, takka vere gavé frå no avlidne Arne Sunde.

– Kyrkja betyr mykje for mange

I 1987 kom Astrid Aardalsbakke Feldt, i lag med mannen Vidar Feldt, til Jølster for lærargjerning på Skei skule. Ho kom snart i kontakt med kyrkja og aktivitetane der, og hamna som søndagsskulelærar same hausten..

Tekst og foto: HALLSTEIN DVERGSDAL

No er Astrid leiar for Helgheim sokneråd og vi møtte henne for ein prat om livet i kyrkja, om utfordringar og om rause gåver som på mange måtar har gjort livet enklare for ein soknerådsleiari. Vi møtte ein positiv leiari med tru på framtida.

33 år med søndagsskule

Då Astrid kom til Jølster i 1987, vart det trong for nokon til å ta seg av søndagsskulen på Skei. Den nye læraren sa ja til denne utfordringa og har vore der sidan.

– Eg fekk med meg Vidar som tok seg av gitarspelinga, medan eg styrde med bibel-

forteljing og formidling. Dei siste åra har søndagsskulen gått over til å bli torsdagsskubb, noko som eigentleg passa meg bra ettersom eg kom inn i soknerådet og dermed fekk mindre tid til å drive søndagsskulle på søndagane.

Elles registrerer eg at Torsdagsskubben blir godt motteken og at 43 ungar frå soknet har vore innom i år, noko som er ein stor oppsing. I snitt har vi mellom tjue og tretti born på kvart møte, så det er veldig bra, fortel Astrid som møter positive foreldre og har med konfirmantane som medhjelparar.

– Det er flinke og kjekke ungdomar som er til stor hjelp.

Vurderte å gje seg

For to år sidan vurderte Astrid og Vidar å gje seg med torsdagsskubben, men vart oppfordra til å halde fram.

– No tek eg eit år om gongen, men det gir meg glede og energi å vere i lag med ungane og det er drivkrafta for å halde på med dette. Eg kjenner meg rett og slett glad kvar

gong eg har hatt eit møte i Torsdagsskubben, smiler Astrid som også kan skilte med mykje anna på CV-en. Ho har elleve år bak seg i Helgheim sokneråd og har vore leiar sidan 2015. Ho har også vore speidarleiar, noko som har gjeve mange gode opplevningar.

Vidare har ho plass i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd og sit i administrasjonsutvalet der. Når det gjeld den nye kommunen og kyrkja, så tykkjer Astrid at det er trasig at det blir lagt opp til å kutte i tilskota til kyrkja.

– Det er rart at ikkje velferdsstaten Noreg skal klare å skaffe midlar til kyrkja, seier Astrid som sender ein sterk appell til politikarane.

– Eg håpar dei ser verdien av å ta vare på kyrkja. Den er ein kulturinstitusjon som betyr mykje for mange, enten dei går der ofte eller sjeldan. Våre forgjengrar som sat i tronge kår, klarte å ta vare på kyrkja. Då bør også vi klare det er beskjeden frå soknerådsleiaren.

Raus gav resulterte i nytt gjerde

Helgheim kyrkje har dei siste åra motteke fleire rause gaver. Dette er midlar som har gjort det mogeleg å realisere store og små ønske frå soknerådet si side.

Tekst og foto: HALLSTEIN DVERGSDAL

Den siste gava, som er i millionklassen, kom frå næringslivsgründeren Ivar Helgheim. Dermed har kyrkja fått midlar til flere nye og etterlengta prosjekt.

Nytt gjerde

– Vi trengde nytt gjerde på austsida av kyrkjegarden. Det kom på plass laurdag, etter ein flott dugnadsinnsats, og finansiert med midlar frå denne gava, fortel soknerådsleiar Astrid Aardalsbakke Feldt.

Ho og resten av soknerådet er sjølv sagt glade for desse gavene som har resultert i mange nye og etterlengta ting til kyrkja.

– Vi har fått dei nye vindauge i koret, ny løpar i midtgangen og teppe i våpenhuset. Så har vi fått på plass den fjerde messekakelen, glasmonter til messekaklane og nye smijarmsportar på kyrkjegarden, alt på grunn av gaver.

Kyrkja betyr mykje

Neste prosjekt som står for tur, er å få etablert eit parkhjørne på nedsida av den nye parkeringsplassen, mot vatnet.



Astrid Aardalsbakke Feldt konstaterer at kyrkjegarden på Helgheim har fått seg eit loft med det nye gjerdet, takka vere ei stor gåve frå Ivar Helgheim.

– Her skal det lagast til med plen, bord og benkar, fortel soknerådsleiaaren.

Men det mest spennande prosjektet kjem inne i kyrkja, der det er planlagt utsmykking av veggane som i dag er nakne. Det er også planen å gjere noko med lydanlegget i kyrkja, ifølgje Astrid Aardalsbakke Feldt.

– Alt dette kan vi få til, takka vere denne fantastiske gava frå Ivar Helgheim og andre rause gaver frå gjevarar i soknet, smiler ho.

Når det gjeld kyrkjegarden og det som har vore gjort med den, registerer sok-

nerådsleiaaren at det er mange som brukar den.

– Her er nesten alltid folk å sjå, enten slike som steller graver, eller som berre ruslar rundt på den vakre og velstelte kyrkjegarden. At den er velstelt, kan vi takke den dyktige kyrkjegardsarbeidaren i Jølster, Helge Årdal for, seier Astrid som også registrerer at kyrkja har ein solid plass i jølstriniane sine hjarte.

Kom tidleg i kontakt med kyrkja

Ivar Helgheim som er mannen bak den siste gava til kyrkja, kunne ikkje grunna helse-situasjonen, stille til intervju, men gjennom dottera, Åse Marie, har vi fått nokre tankar frå gjevaren.

– Helgheim kyrkje har betydd veldig mykje for familien vår på Helgheim. Vi budde ikkje langt der i frå og hadde mykje kontakt med dei som hadde verv i kyrkja, prestane og klokkaren. Min far var klokkar der i 49 år, så eg var ofte med han til kyrkja, han og mor, om søndagane. Slik vart kyrkja ein kjer stad for meg i tidlig alder, seier Helgheim som no altså ønskjer å gje noko tilbake til si barndoms kyrkje.

– Alle gavene vi har fått syner at mange er glade i kyrkja og er opptekne av at den skal haldast ved like. Kyrkja betyr mykje for mange, avsluttar Astrid Aardalsbakke Feldt.



Av gava frå Arne Sunde kom det på plass litt av kvart. Mellom anna to glasmonterar til oppbevaring av messekaklar, laga av Audun Høyvik.

- Eg er eit åndeleg menneske

Vi har fått ny kommune og dermed også nytt kyrkjeleg fellesråd. Det nye fellesrådet skal ha det overordna ansvaret for kyrkja i storkommunen og blir leia av Nils Gjerland.

Tekst: HALLSTEIN DVERGSDAL Foto: PRIVAT

Vi har hatt ein liten prat med den nye fellesrådsleiaren om korleis han ser på vernet sitt og kva han tenkjer om kyrkja sine utfordringar framover.

Ikkje noko var planlagt

– *Kva får ein mann på 73 år til å ta på seg eit slikt verv?*

– Det starta med at eg vart spurd om å stå på lista til soknerådsvalet for Holsen og Haukedalen. Det sa eg ja til. Etter at valet var over, så syntet det seg at eg var kommen inn i soknerådet og då vart det spørsmål om å ta plass i fellesrådet. Det takka eg ja til, og når det så skulle veljast leiari, vart det peika på meg. Slik har det seg at eg no er der eg er. Alt var tilfeldig og ingen ting planlagt, svarar Gjerland om har fire år fram for seg som leiari av fellesrådet. Mange vil kjenne han som politikar og organisasjonsmenneske, og som ordførar i Førde i åtte år.

Langvarig forhold til kyrkja

– *Du har mykje erfaring innan leiing, organisasjonsliv og politikk, men kva slags forhold har du til kyrkja?*

– Når eg sit på terrassen, ser eg rett ned på kyrkja på Haukedalen. Der var far min kyrkjeterar og eg var med han og hjelpte til. Eg har ringt inn til jul, påske, gravferder og andre kyrkjelege handlingar. Eg har rusla rundt på kyrkjegarden og sett på gravsteinane og tenkt på kva dei fortel oss om historia vår. Eg har også vore inn i svært mange andre kyrkjer rundt om i landet og kyrkjene og kyrkjegardane er ein del av det historiske livet vårt. Eg reknar meg som eit åndeleg menneske og har hatt eit forhold til kyrkja sidan eg var liten. Men dette med styring av kyrkja har eg ikkje spesielt mykje erfaring med, anna enn det som følgde med arbeidet som ordførar.

Personellutfordringar



– *Økonomien i kyrkja er ofte tema, seinast under handsaminga av kommunen si økonomiplan, korleis ser det ut framover?*

– Vi har fått gjennomslag for alle våre innspel når det gjeld vedlikehald, så det trur eg skal gå bra. Det kan komme til å knipe litt på drifta, men eg trur ikkje budsjettet blir største utfordringa. I kyrkja, som over alt elles, er det du har av personellressursar å setje inn som er avgjerdande for arbeidet. Akkurat no har vi utfordringar når det gjeld nokre kantorstillingar, men når det gjeld prestar, ser det bra ut.

– Det er mykje snakk om at kyrkja må tenkje nytt. Kva tenkjer du om det?

– Alle, også kyrkja, må leve i si eiga samtid. Men eg er tradisjonalist og ser dei lange linene. Vi treng ikkje endre ting som fungerer.

Likar utfordringar

Til hausten skal fellesrådsleiaren samla alle sokneråda i Sunnfjord kommune til felles møte og samkøyring. Vi har mykje vi skal

snakke om og mykje som skal på plass i ein ny kommune.

– *Kan det bli aktuelt med eit felles kyrkjelydsblad for heile kommunen?*

– Eg veit at det er somme som meiner at det må vi diskutere, og den diskusjonen må vi tote å ta. Men eg har ikkje noko meining om dette no.

– *Du verkar som du ser lyst på framtida som leiari av fellesrådet?*

– Ja, eg har aldri vegra meg for utfordringar og dette ser eg på som eit interessant arbeid å sysla med på mine eldre dagar.

– *Har du ein hobby?*

– Eg har levd eit aktivt liv med familie, gard, politikk og organisasjonsarbeid. Mykje av tida har eg sysla med å skrive lyrikk som eg har brukt i ulike samanhengar.

– *Og det skal du halde fram med?*

– Ja, eg har ikkje tenkt å slutte med det så det blir nok til at eg krotar ned nokre tankar av og til, avsluttar Nils Gjerland.

Vi ønskjer han lukke til med arbeidet i fellesrådet.

Reidar Knapstad takkar av

For snart 15 år sidan, i november 2005, vart Reidar Knapstad tilsett som prost i Sunnfjord. Eikefjordingen kom dermed «heim att» og han kom frå stilling som prost på Helgeland.

Tekst og foto: HALLSTEIN DVERGSDAL

No nærmar prosten seg 70 år og har funne tida moden for å trekke seg tilbake. Ny prost er tilsett og Reidar Knapstad blir pensjonist, men vil ikkje heilt gje seg som prest. Han har nemleg stilt seg til disposisjon som vikarprest frå september.

Engasjerte prestar

Vi tok ein telefon til den avtroppande prosten for ein liten avskjedsprat og møtte ein kyrkjeleriar som hadde mykje godt å seie om tida i Sunnfjord.

– *Kva vil du trekke fram som det mest positive ved tida som prost i Sunnfjord?*

– Då vil eg seie at det aller meste har gått veldig bra. Men eg vil trekke fram prestane som er, og har vore, både engasjerte og arbeidssame. I tillegg har dei vore lette å samarbeide med.

– *Har det gått bra å fylle opp prestestillingane?*


– Ja, det vil eg seie har gått veldig bra. Generelt er det vanskeleg å fylle prestestillingane i distrikta, men her i Sunnfjord har det gått bra. Vi har også fått inn fleire unge prestar, og det er positivt. Det er prosti rundt oss som slitt mykje meir enn oss når det gjeld presterekruttering.

Folkekyrkje

Reidar Knapstad byrja i stillinga 9. april 2006 og veit det meste om kyrkja i Sunnfjord.

– *Korleis er kyrkja sin posisjon hos folk flest i Sunnfjord?*

Mitt inntrykk er at kyrkja står relativt sterkt. Det er ei folkekyrkje som er godt forankra i kulturen. Vi ser også at det er godt oppmøte til gudstenestene, med nesten 100 i snitt og det er bra. På eit år har vi 70.000 besökande til gudstenestene i Sunnfjord og tykkjer eg er veldig bra. Generelt ser vi ein liten tilbakegang, men vi har også kyrkjer med auke, som Helgheim til dømes.



Reidar Knapstad har sikra seg ein sekk poteter under «Din Jolsterdag» i 2017 då biskopen heldt friluftsgudssteneste og prosten var med.

Opne for fornying

Reidar Knapstad kom altså frå prostestilling på Helgeland og ser at det kanskje er litt skilnad på dei to prostia. Ikkje så mykje arbeidsmessig, men når det gjeld kultur.

– Prostiet på Helgeland var veldig stort geografisk, men var ei blanding av by og land, som her.

– *Det blir sagt at sunnfjordingane er litt treige. Stemmer det?*

– Vi sunnfjordingar er seige og uthaldande, og vi er godlynte, nett som fjordingen. Når vi først er i siget, står vi på.

– *Har du ei helsing til Jolstringane no på tampen?*

– Det må vere at de har gode tradisjonar, men samtidig er opne for fornying. Hald

fram med det, er beskjeden frå den avtroppande prosten som tykte det var kjekt å sjå at fantasien blomstra når koronasituasjonen stengde kyrkjene og køyr inn gudstenester dukka opp som alternativ. No håpar han å få meir tid til familie og hagearbeid, men skal også halde fram som prest i ei litt anna rolle, som vikarprest når det trengs.

– Eg likar å vere aktiv og eg likar å vere prest, avsluttar Reidar Knapstad, og vi ønskjer han lukke til som pensjonist.

Knut Magne Nesse frå Florø er tilsett som ny prost.

– Berre lag til noko moro, så kjem eg

For ikkje lenge sidan vart sokneprest i Kinn, Knut Magne Nesse, tilsett som ny prost i Sunnfjord. Han skal fylle skoa til Reidar Knapstad som fyller 70 år og går av.

Tekst: HALLSTEIN DVERGSDAL Foto: KNUT MAGNE NESSE

– Dette gler eg meg til, men det blir nok litt annleis enn å vere sokneprest, seier Nesse som ser på det å skulle inspirere prestane i prostiet til å gjere ein god jobb, som kanskje den viktigaste oppgåva som prost.

Må tenkje nytt

Prosten skal vere arbeidsgjevar for dei andre prestane i prostiet, ei oppgåve Knut Magne Nesse har tenkt å ta på alvor.

– Ved sida av å vere arbeidsgjevar, så er mi rolle også å hjelpe og støtte prestane i deira arbeid, seier Nesse som også er oppteken av at kyrkja må tenkje nytt.

– Der har eg tenkt å vere offensiv, for dette med å fornye seg og tenkje nytt, det trur eg blir veldig viktig framover. Sjølv har eg drive mykje med pilegrimsvandring og friluftsgudstenester. Og i kyrkja på Kinn har vi ope hus i seks veker i sommar, der det blir tidebøn til faste tider. Dette er det frivillige som står føre, og dei kjem att år etter år, fortel Nesse som peikar på at dette med å skaffe frivillige til arbeid i kyrkja, vil bli svært viktig framover.

– Dette er både viktig og vanskeleg, men vil vere heilt avgjerande, slår han fast.

Blir innsett til hausten

Knut Magne Nesse skal ta til i arbeidet som prost i august, men blir formelt innsett i september. Det skal skje i Førde Kyrkje, og på same tid skal noverande prost, Reidar Knapstad takkast av.

– *Du er 45 år og kan såleis ha 25 år føre deg om du blir sitjande like lenge som Knapstad?*

– Eg veit no ikkje om eg blir verande i stillinga så lenge. Det får vi sjå etter kvart. Men eg hadde lyst til å bli verande i Sunnfjord ei stund til og eg har nett kjøpt hus i Florø. I tillegg har eg fire jenter som går på skule der, så då er det naturleg å bli verande ei tid. Så når denne sjansen baud seg,



Den nye prosten har si noverande gjerning i havgapet lengst vest i Sunnfjord.

så slo eg til, fortel Nesse som var på pilegrimsvandring mellom Kinn og Selje då vi snakka med han.

– *Korleis skal du gå fram for å halde oppe kyrkjesøknaden?*

– Ute i dei små grendene og bygdene, som kanskje slit med fråflytting og forgubbing, gjeld det å skape identitet og tilhørerlile til kyrkja. Det kan vere både gjennom gudstenester og andre samlingar.

På dei større plassane gjeld det å tenkje nytt når det gjeld å få ungdomane til å bruke kyrkja. Elles har vi no sett no under korona-epidemien, at fantasien har blomstra rundt om med gudstenester og andre aktivitetar på digitale plattformer.

– *I Jølster var det tre køyр inn-gudstenester.*

– Ja, det har eg fått med meg og det er veldig bra.

Godt kjend

Den nye prosten har vore i Sunnfjord i 18 år og er godt kjend i området. I Jølster har han vore fleire gonger og gjennom familieband har han vore fleire gonger i Helgheimskyrkja. Han hugsar også ein gong han var med på ein pensjonisttur til Jølster, der dei hamna i Stardalen med dåverande soknerådsleiar Inger Veiteberg som guide.

– Eg veit ikkje når eg kjem til Jølster som deltakar i ei gudsteneste eller andre ting. Men berre finn på eitt eller anna moro, så kjem eg er beskjeden frå den nye prosten som altså tek til i jobben etter sommarferien og som gler seg til å ta fatt på si nye gjerning.

Vi ønskjer den nye prosten lukke til.

75 år sidan frigjeringa i 1945

Vi har nyleg feira 75-års jubileum for frigjeringa i mai 1945. Grunna koronasituasjonen vart det ei annleis feiring enn det som var tenkt.

Tekst: HALLSTEIN DVERGSDAL

Hyrdingrøysta vart, som det meste anna, også råka av krigen. Bladet stoppa hausten 1942 og kom att 10. juni 1945. Framsida var pryda av Kong Haakon 7. og i bladet var det ein god del stoff som var relatert til krigen.

Motstand

Bladet hadde ein artikkel som heitte «Strid - Siger». Der var det ein gjennomgang av motstandsarbeid utført av jølstringar. Vi kan lese om «Lærarsambandet», organisasjonen som NS oppretta og som lærarane vart tvangsinnmelde i. Lærarane skulle frå no av undervise lærarane i nasjonalsosialistisk ideologi, noko som for dei fleste var uakseptabelt. Det vart opprør og over nær 1000 lærarar vart arresterte og sette i fengenskap. I Hyrdingrøysta for juni 1945 finn vi ei liste over alle lærarane i Jølster og kva for skulekrins dei arbeidde i. Av lista kan vi sjå at det var 13 lærarar i Jølster under krigen. Ingen av dei vart arresterte.

Elles finn vi litt om motstandsmennene Eirik Kjøsnes og Sverre Kvammen som begge sette livet til. Eirik Kjøsnes i tysk fangenskap og Kvammen som følgje av sjukdom etter at han måtte stikke til skogs for å komme unna prispolitiet som var etter han i samband med at han hadde hjelpt mange trengande med mat utover det rasjonekortet lydde på.



Det er litt usikkert om dette fotoet er frå 1945, men truleg. Det vi ser er sanddolingar som går i tog og med seg har dei Sandal Ungdomslag si fane, måla av Nikolai Astrup. Kari Astrup Geelmuyden fortel at Engel Astrup laga forkle til jentene i grenda, og desse har dei på seg i toget. Foto: Tollef Sandal.



Her er det feiring i tunet i Støfringsdalen. Ifremste rekje ser vi radioen som er henta fram att. Fotoet er lånt ut av Odd Støfringsdal.

Bladet hadde også eit oversyn over andre Jølstringar som hadde vore delaktige i motstandsarbeid på ymse vis, også slike som hadde sabotert arbeidstenesta.

Det er ikkje så mykje foto å finne frå frigjeringa, men vi har med tre som fortel litt om feiringa.



Krigen er slutt og radioen kan bentast fram att på Eikås.
F.v.: Anders Eikås, Rognald Eikås og Moses Støfring. Ukjend fotograf.

A. Tikkemann. Drøving av brudekreas

Kled dykk i herbumad!

I sigareglada me ne upplever,
skal vi hausas: fugen steier utan
strid. Denne døgda skal vi fått
vinnar. Jannefjord inn i den bygd
er spand minne om dei fengslede
men, me har då dei millioner os son
kan strid og sefra i den som
gjekk fyrt og det naturlig: 2
stana ved det stundet som fyrt,
og dermed opp og sette no my
kjø i den Landet.

Stokken vil til min lov am ha
ravanslandet frå 9. 2. 1942. Strid
etter seinde lærarane bekjendte
brev til Kyrkjedepartenementet og
aa frå um at dei 1000 ektes weg
for hufolk i samboende 27/2
stende departementet skaluse

Det kost opna på krennende, sa
det 2. 3. medde departementet i at
dei lærarar var avsette med ek
kje gav skrifteleg frøsnes når at
dei var viljende til å sit i lærar
sambandet. Frå 20. 2. og nære
dagene før den 1. maj i 1940
lærarar sette fast i Voss landsdel.
Lærarane skriv: os er ikke til
merket og målte innt barna og
ungdommena, og snest at lær
bukene var brigula i sommar
med høra al nastane.

Bondevar var ingen leiar fra
Jølster sett i landet med minda lurt.
Men frå fyrt til sist slutte
gunda med sine ytreleie. Det
tak viktigheten med å mæss leire

Faksimile frå
Hyrdingrøysta
juni 1945.

Oreia fol. Eiken. 6. 10-18 har
komme til meg mange unge dre
ne dagona. I dei siste daa har vi
opplevt mykje strid og all den
sorga og otte som tel, men, og så
sitt den store glede at Freiden
gav opp. Men ändå er jølstringar
som har gjort alt for å få
ve opp. Stridson på den lastebil
fronten er ikke svært. Kansk
hende vi nett så er komme til et
tåsing punkt. I sigareglada gje
vi til Andeleg avspøying. Vi ser
det og bøyar det at midt i gleda

tek mange na på eng herbumaden
og for herbumaden. Inn i det teltet
som vi måt ut på vakt, freidet
vakt; Guds fulle herbercas! Tida
og Gud maner oss til det. Da skal
vi stå og verte stånde når vi har
vunne over alt. Et vedunderleg
tak til vår og har rynt at eg har
kost alt. Med takk for di eg
fir leireval, vil i lag med Kongen
over konungen og kongen over
land. Da skal ga og ein dag fa
være ned i øvige sigareglada.

L. B. Åsen.

SPAR 

NETTBUTIKK

Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!

Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.



MASKINENTREPENØR
Ottar Dvergsdal AS

952 00 433

coop
marked

COOP MARKED VASSENDEN
Måndag-fredag: 8–20
Laurdag: 8–18
Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no


nordfjord SKIFER

Naturstein av høy kvalitet

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804

Fjordane
BEGRAVELSESBYRÅ

Tlf. 57 82 70 30 | fjordan.no | eirik@fjordan.no

ENTREPRENØR
Ivar A. Sunde 
6847 Vassenden

Eikås Frisør

EVA AARSETH
Tlf. 57 72 75 88



Hytter, bobilplasser, båter, kajakker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no



EIN SMAK AV TRADISJON
frå Anne Grete og Hilde

Søgnestrand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236

ROALD SUNDE

Maskinentrepreneur - Sentral godkjenning

Tlf. 57 72 81 91 / 952 31 915
GRAVING • TRANSPORT • MURING • SANDTAK

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf. 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook


**AUDHILD
VIKEN**

skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25

JØLSTER RØR AS

Tlf. 57 72 83 50 / 959 87 820
Bjørn 959 87 822 / Geir 959 87 823

coop
marked

COOP MARKED SKEI
Måndag-fredag: 8–21
Laurdag: 9–18

Tlf: 57 72 83 77
skei@marked.coop.no

 **VESTLAND**
ELEKTRO OG RØR

Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no

Fjordamat Tunet
- kurs og oppleveling

Støfringsdal | Tlf. 951 46 531 | fjordamattunet.no

 **Jølster Bil AS**

www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90


Åsen & Øvreliid as
Tlf. 57 72 38 50

På hengande håret frisør

Bente Elin Helgheim Årseth, Årsetvegen 8

Tlf.: 95 00 93 93



ALF HELGHEIM & CO AS
6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 83 11
post@alfhelgheim.no

FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK


Canon
Canonringen
Vi kan Canon

VASSENDEN TAXI

mob. 482 10022

Drosje, rullestolbil og minibuss

Jostein Sunde As
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleie
post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

Kyrkja er vår heim



Helgheim kyrkje



Ålhush kyrkje



Vassenden kyrkjesenter

JULI

5. søndag i treeiningstida – Søndag 05.07

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Gudsteneste

6. søndag i treeiningstida – Søndag 12.07

HOLSEN KYRKJE kl.19:00

Kveldsgudsteneste med Holsen kyrkjelyd, Rune Molvik
er organist.

7. søndag i treeiningstida – Søndag 19.07

ÅLHUS KYRKJE kl.14:00

Gudsteneste

8. søndag i treeiningstida – Søndag 26.07

FØRDE KYRKJE kl.11:00

Fellesgudstjeneste for Sunnfjord kommune

AUGUST

9. søndag i treeiningstida – Søndag 02.08

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Gudsteneste

10. søndag i treeiningstida – Søndag 02.08

LARSTUNSTØYLEN kl.12:00 (felles avgang kl.11:00 frå
Eikås, sjå fjelltrimkart for oppmøtestad)

Friluftsgudsteneste

11. søndag i treeiningstida – Søndag 16.08

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Gudsteneste med nattverd

12. søndag i treeiningstida – Søndag 23.08

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.11:00

Gudsteneste med nattverd

13. søndag i treeiningstida – Søndag 30.08

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Gudsteneste med nattverd

SEPTEMBER

Lørdag 05.09

ÅLHUS KYRKJE kl.11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

Søndag 06.09 Vingardssundagen

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

Lørdag 12.09

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

16. søndag i treeiningstida - Søndag 20.09

ÅLHUS KYRKJE kl.14:00

Familiegudsteneste, hausttakkefest

17. søndag i treeiningstida - Søndag 27.09

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.11:00

HELGHEIM KYRKJE kl.14:00

Presentasjonsgudsteneste og 50 års konfirmanter.

Det er viktig å merke seg at gudstenestelista ikke lenger er å finne i Firda. Dermed er det viktig å ta vare på Hyrdingrøysta for å halde seg orientert om når og kvar det er gudsteneste.

Sokneråda.

KONFIRMASJON 2020

Som alle veit var konfirmasjonane i vår utsette, grunna koronasituasjonen. Nye datoar for konfirmasjon blir slik:

Ålhus kyrkje 5. september kl. 11.00

Helgheim kyrkje 6. september kl. 11.00

Vassenden Kyrkjesenter 12. september kl. 11.00

Sjå elles gudstenestelista

Døypte



HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

29.12.2019 Eiril Knapstad Bødal

26.01.2020 Oline Erikstad

26.01.2020 Ida Holsen Fugle

09.02.2020 Frida Sunde – Flatebø

24.05.2020 Noah Pedersen Førde

30.05.2020 Johanna Noss Lundal

Døypt i Ålhush kyrkje

15.12.2019 Ask Sunde

ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

15.12.2019 Jørgen Årset Trippestad

05.01.2020 Odin Elias Lillemo

30.05.2020 Elena Hansen Koskinen

Døypt i Helgheim kyrkje

29.12.2019 Oliver Årnes

09.02.2020 Tirill Natalie Hylderås Gustavsen

Gravlagde



HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

20.03.20 Ottar Fonn

16.04.20 Dagfrid Heggheim

17.04.20 Ivar Årdal

15.05.20 Sigurd Årdal

26.05.20 Edit Kristine Sunde

ÅLHUS SOKN

Vassenden kyrkjesenter

18.03.20 Synneve Astrid Egge

17.04.20 Daniel Grimsbø

12.05.20 Ole-Jonny Aasen

22.05.20 Kirsten Støfring

Kvar er dette?

Sommarkonkurransen
med løysing i neste
nummer

1



2



3



4



5



6



Løysing på konkurransen i påskenummeret:

1. 6 kyrkjessokn i Sunnfjord kommune (Gaular, Førde, Holsen og Haukedalen sokn, Naustdal, Ålhus, Helgheim)

2. 12 kyrkjer i Sunnfjord kommune (Bygstad, Hestad, Sande, Viksdalen, Helgheim, Ålhus, Vassenden, Holsen, Haukedala-

len, Førde, Naustdal, Veving 3. Astrid Årdalsbakke Feldt i Helgheim og Marta Fimreite i Ålhus

4. Mammon står for» Pengar og rikdom»

5. Salmenes bok

6. Symboliserar sørgegråt .

Jer.13, 15:» Rakel gret over borna sine og vil ikkje la seg trøyste.

For borna hennar er ikkje meir.» Rakel er gravlagd i byen Rama.

7.Saul var Israels første konge

8. David etablerte Jerusalem som hovudstad

9. 40 dagar

10. Verdas første kykje låg i Ribah i Jordan

11. Moster kyrkje på Mosterøy i Sunnhordland

12. INRI: Jesus frå Nasaret konge over jødane (Jesus Nazarenus Rex Iudeorum).